



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Dato: 27.01.2016
Vår ref.: 2014/13925-6
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.: 2015/1809

Rapportering på bruken av statlege tiltaks- og tilskotsmidlar på miljøområdet i 2015

Vi viser til dykker brev av 05.03.2015 med overføring av tiltaks- og tilskotsmidlar til fylkeskommunen på miljøområdet for 2015. Der ber Miljødirektoratet om ein oversikt over prosjekta som fylkeskommunen har gitt tilsegn om tilskot til i 2015 på dei statlege tilskotstpostane. Her er samla rapportering på tilskotstpostane.

Dei ulike tilskotstpostane er vist i tabellen nedanfor med tilhøyrande løyving frå Miljødirektoratet og sum tilsegn om tilskot frå fylkeskommunen i 2015. Dei enkelte tiltaka/prosjekta som fekk tilsegn om tilskot i 2015 er vist i vedlagde, utfylte rapporteringsskjema (excel) frå Miljødirektoratet.

Tilskotsordning	Løyving (kr)	Sum tilsegn (kr)
Lokale vilttiltak mv, Kap. 1425 post 71.3	500.000	565.000
Friluftslivsføremål, Kap. 1420 post 78	1.930.000	1.930.000
Tiltak i statleg sikra friluftslivsområder, Kap. 1420 post 78	3.000.000	3.000.000
Vassmiljøtiltak, plan/prosess VRM, Kap. 1420.22.3	435.000	>435.000
Vassmiljøtiltak, spleiselag, Kap. 1420.22.3	1.175.000	1.045.000

Kommentarar til dei enkelte tilskotstpostane

Lokale vilttiltak mv, Kap. 1425 post 71.3

Det kom i alt 13 søknader om tilskot til viltformål. Som det går fram av tabellen over var sum tilsegner i 2015 kr 65.000 høgare enn løyvinga frå direktoratet. Den overskytande delen har opphav i restmidlar frå tidlegare års løyving, etter prosjekt som er gjennomført i mindre omfang enn føresett. Løyvingar frå direktoratet vert som pålagt sett inn på det fylkeskommunale viltfondet (bundne driftsfond som utelukkande kan forvaltast til viltformål, jf. forskrift om kommunale viltfond m.m.). Det alt vesentlege av midlane på dette fondet er ved utgangen av 2015 utbetalt eller bunde opp i gitte tilsegner om tilskot.

I løyvinga frå Miljødirektoratet i 2015 var det øyremerka kr 100.000 til prosjektet "Forvaltning av hjortebestand 2015". Fylkeskommunen gav tilsegn på kr 380.000 til prosjektet i 2015.

Som føresett, (jf. til dømes Prop. 1 S), er det gjort samordna søknadshandsaming med Fylkesmannen ved søknader som fell inn under fleire av tilskotsordningane. For slike søknader er heile søknadsbeløpet ført opp i vedlagde rapporteringsskjema, sum tilsegn til prosjektet kan vere

større enn oppført tilsegn frå fylkeskommunen. Dette gjeld t.d. prosjektet "Infoblad jakt og fiske – Infoside internett".

I enkelte søknader om tilskot er omsøkt beløp oppgitt som eit samla beløp frå alle/fleire fylkeskommunar. I vedlagde tabell er omsøkt beløp for slike søknader delt på tal omsøkte fylkeskommunar i søknadene. Dette gjeld t.d. prosjektet "Overvakning av skoghønsreir 2014".

Som bedt om i brevet frå direktoratet er søknader også sakshandsama i det elektroniske søknadssenteret. Fordeling av tilskot til viltformål i 2015 vart gjort på møtet i Kultur- og ressursutvalet 02.06.2015 (sak PS 113/2015).

Friluftslivsføremål, Kap. 1420 post 78

Hordaland fylkeskommune fekk tildelt kr 1 930 000 til vidare fordeling i 2015. Tildelinga blei sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det kom inn 73 søknader med samla kostnad på kr 12 474 449, søknadssum på kr 4 559 405 og tiltak i 28 kommunar.

Eit problem med tilskotsordninga frå 2015 er å få inn rapportar. Alle søkerane som fekk tilsegn skulle ha levert rapport. Pr. 20.01. har Hordaland fylkeskommune kun fått inn 23 rapportar frå totalt 46 tilslagn på denne ordninga.

Tiltak i statleg sikra friluftslivsområder, Kap. 1420 post 78

Hordaland fylkeskommune vart tildelt kr 3 mill. til vidare fordeling for 2015. Kr 300.000 av desse vart øyremerka tilrettelegging for universell utforming. Innan fristen 1. februar kom det 22 søknadar med ein samla kostnad på kr 21 343 940 og søknadsbeløp på kr 14 934 440. Det vart 9 søknadar som fekk tilsegn på denne ordninga i 2015.

På denne tilskotsposten har det pr. 20.01.2016 kome inn 7 av 9 rapportar. Stønadsmottakarane har fått purring på dette og fått ny frist til 1.feb. Om Hordaland fylkeskommune ikkje mottek rapport, vil søker bli tildelt nye midlar for 2016.

Vassmiljøtiltak, plan- og prosessarbeid VRM, Kap. 1420.22.3

Mesteparten av løvyinga har gått med til å dekke lønsutgifter knytt til ferdigstilling og vedtak av regional vassforvaltingsplan, herunder ekstern konsulenthjelp til sakshandsaming av høyring av forvaltningsplanen, og dekking av utgifter til møtearrangement. Resterande del av løvyinga står på bunde disposisjonsfond for overføring til 2016. Samla utgifter for fylkeskommunen er langt høgare enn løvyinga frå direktoratet om ein reknar med lønsutgifter til sakshandsaming i fylkeskommunen.

Vassmiljøtiltak, spleiselag, Kap. 1420.22.3

I alt er kr 1045.000 fordelt nokolunde likt på dei fem vassområda i vassregionen. Tilskotsmidlane inngår i spleiselag med kommunane til dekking av løn for prosjektleiar i det enkelte vassområde. Resterande løvying på kr 130.000 er overført til bunde disposisjonsfond, der delar har gått til diverse driftsutgifter i 2015 (møtearrangement) og resterande vert overført til 2016.

Nedanfor er ført opp sakshandsamarar for evt. nærmere spørsmål knytt til rapporteringa på tilskotspostane.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Sølve Dag Sonbø
Ieiær – klima- og naturressursseksjonen

Britt Karen Spjeld
Ieiær – idrett og friluftslivsseksjonen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Rapportskjema med oversikt over prosjekt som har fått tilsegn om tilskot i 2015 (excel og pdf).

Sakshandsamarar:

Eirik Knive (Friluftsliv), tlf. 55 23 91 66. Eirik.Knive@hfk.no

Sølve Dag Sondbo (Vassmiljø), tlf. 55 37 80 01. Solve.Sondbo@hfk.no

Jomar Ragnhildstveit (Vilt), tlf. 55 23 93 08. Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no